

**Blix-konsert i kyrkja søndag.**

17.11.2011

**Søndag kveld kl.19 er det klart for ein spesiell samarbeidskonsert i Uskedalen kyrkje. Då skal den store salmediktaren Elias Blix minnast gjennom ord, song og musikk. Det er Uskedal sokneråd, Uskedal Musikklag og Røysterett for alle som står for tilskipinga**

Både musikklaget og Røysterett for alle skal bidra i programmet med framføring av nokre av Blix sine mange salmeskattar. I tillegg er det fleire andre som deltek.

Organist Lars Erik Tjeldflåt er på plass ved orgelet, og mange ser fram til å høyre dei to unge songarane Birte Nybakk og Amalie Fjell Helleland. Ekteparet Marit Elisebet og Jan Ove Totland vil fortelje om Blix, og såleis vil dei frammøtte bli godt kjent med den store salmediktaren gjennom varierte framføringar. Publikum vil og sjølv vera aktive gjennom salmesongen.

Det ligg til rette for ein fin søndagskveld i kyrkja der den store salmediktaren Elias Blix vert heidra.

Av Thor Inge Døssland